

Kultur- og kyrkjedepartementet 9. mai 2005

Språkstatistikk for departementa for 2004

Samanstillinga av statistiske oppgåver over fordelinga mellom nynorsk og bokmål i departementa for 2004 er no ferdig.

Samla nynorskprosent i proposisjonar og meldingar til Stortinget kom siste året opp i 19 pst. Nynorskprosenten har aldri vore høgare enn dette. Talet er likevel klart lågare enn det forskriftsfesta minstekravet på 25 pst. Gjennomsnittet for dei tre siste åra var 18,3 pst. Det er særleg Helse- og omsorgsdepartementet og Forsvarsdepartementet som heng etter. Her har nynorskprosenten dei siste tre åra berre vore så vidt i overkant av 5 pst.

I alt fire departementet oppfylte minstekravet på 25 pst. Det var Utdannings- og forskingsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet og Miljøverndepartementet. Alle desse departements hadde svært god margin til 25-prosentsgrensa og drog dermed gjennomsnittet mykje opp. Dette inneber at alle dei andre departementa framleis har ein jobb å gjera, jamvel om nokre er betre enn andre, til dømes Utanriksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

Den nøyaktige tala for kvart departementet går fram av tabell 1. Her er det òg teke med ei kolonne som viser samla nynorskprosent for alle åra frå og med 1994.

Tabell 2 og 3 viser nynorskprosenten i andre typar informasjonstilfang enn stortingsdokument. Desse tala er mykje meir usikre, fordi dei byggjer på innhenta eigenrapportering. Særleg er det grunn til å ta tala i tabell 3 med ei klype salt. Desse viser nynorskprosent etter samla sidetal i dokument der kvart enkelt var på minst 10 sider.

I tabell 2 er prosenten rekna ut på grunnlag av talet på dokument under 10 sider.

Sjølv om tala i tabell 2 og 3 er usikre, er det likevel klart at det er mykje kleinare stelt med nynorskbruken i andre dokument enn stortingsdokument. Særleg dårleg står det altså til for dokument over 10 sider.

Ser ein alle tabellane under eitt, er det særleg Forsvarsdepartementet som utmerkar seg negativt. I dette departementet må det derfor gjerast ein ekstra innsats i tida som kjem.

Men også fleire andre departementet må skjerpa seg mykje.

Kultur- og kyrkjedepartementet tar i desse dagar ny kontakt med dei aktuelle departementa for å innskjerpa krav og rutinar.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

Departement	1994-2004	2002	2003	2004	2002-2004
1. Utdannings- og forskingsdep. ¹	41,9	46,0	60,9	46,4	50,3
2. Landbruks- og matdepartementet	52,4	35,4	25,1	85,4	43,5
3. Kultur- og kyrkjedepartementet ²	35,6	25,6	52,8	32,3	40,3
4. Miljøverndepartementet	21,4	22,1	33,9	59,5	33,5
5. Utanriksdepartementet	17,7	26,6	18,6	18,5	21,0
6. Kommunal- og regionaldep. ³	16,0	23,6	24,3	21,3	22,9
7. Samferdselsdepartementet	13,7	29,4	8,7	17,2	18,7
8. Nærings- og handelsdep. ⁴	7,3	15,9	25,0	10,0	17,2
9. Barne- og familiedepartementet	10,6	21,2	11,1	14,4	16,4
10. Olje- og energidepartementet ⁵	8,1	2,6	14,3	20,5	12,3
11. Moderniseringsdepartementet ⁶	9,7	12,2	8,7	20,5	11,9
12. Fiskeri- og kystdepartementet	19,5	13,6	10,4	10,4	11,1
13. Arbeids- og sosialdep. ⁷	7,5	2,2	13,8	18,6	10,6
14. Finansdepartementet	8,4	9,9	9,6	11,7	10,5
15. Justis- og politidepartementet	8,6	4,1	14,7	9,2	9,4
16. Forsvarsdepartementet	7,3	6,2	7,8	5,7	6,3
17. Helse- og omsorgsdep. ⁸	5,9	1,8	11,3	3,5	5,9
SUM	15,2	17,1	18,9	19,0	18,3

¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁴ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

⁵ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁶ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet og deretter fram til 2004 gjeld dei igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

⁷ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet og deretter fram til 2004 gjeld dei Sosialdepartementet.

⁸ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
1. Kultur- og kyrkjedepartementet ⁹	37	34	28	15	29	25	30,4
2. Samferdselsdepartementet	15	21	20	16	14	22	25,0
3. Justis- og politidepartementet	10	8	32	26	18	20	24,6
4. Fiskeri- og kystdepartementet	31	20	21	21	18	26	24,2
5. Olje- og energidepartementet ¹⁰	13	15	38	29	21	26	22,3
6. Kommunal- og regionaldep. ¹¹	28	36	32	28	28	14	20,0
7. Moderniseringsdepartementet ¹²	26	18	16	7	8	9	18,1
8. Barne- og familiedepartementet	37	18	41	13	7	9	14,7
9. Finansdepartementet	44	36	26	27	17	15	14,3
10. Helse- og omsorgsdep. ¹³					20	11	12,1
11. Utdannings- og forskningsdep. ¹⁴	35	25	21	8	8	7	7,3
12. Utanriksdepartementet	14	16	67	12	13	20	6,8
13. Landbruks- og matdepartementet	36	18	31	21	- ¹⁵	30	6,5
14. Arbeids- og sosialdep. ¹⁶	27	30	24	5	7	10	6,5
15. Miljøverndepartementet	42	38	28	20	12	8	6,1
16. Nærings- og handelsdep. ¹⁷	15	16	13	11	8	4	5,0
17. Forsvarsdepartementet	2	10	9	0	3	0	3,2
SUM	25	22	25	17	13	15	12,6

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
1. Miljøverndepartementet	42	30	8	6	19	18	22,6
2. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹⁸	13	5	2	5	13	2	25,2
3. Kommunal- og regionaldep. ¹⁹	8	11	22	23	26	4	3,7
4. Nærings- og handelsdepartementet ²⁰	5	0	0	3	11	5	11,3
5. Helsedepartementet ²¹	-	-	-	-	7	9	9,1
6. Olje- og energidepartementet ²²	0	0	0	0	0	0	24,2
7. Fiskeri- og kystdepartementet	-	12	29	0	8	15	3,2
8. Utdannings- og forskningsdep. ²³	11	8	18	6	0	16	5,3
9. Arbeids- og sosialdepartementet ²⁴	6	7	20	10	0	0	8,8
10. Utanriksdepartementet	4	8	0	0	0	7	2,2
11. Moderniseringsdepartementet ²⁵	12	8	53	37	8	0	0,0
12. Barne- og familiedepartementet	11	19	24	4	4	3	3,4
13. Justis- og politidepartementet	2	1	4	4	1	2	4,9
14. Finansdepartementet	6	15	6	12	4	0	0,0
15. Samferdselsdepartementet	0	0	0	0	0	0	11,7
16. Landbruks- og matdepartementet	1	0	11	2	- ²⁶	0	0,0
17. Forsvarsdepartementet	-	0	-	-	0	0	0,0
SUM	12	10	13	9	8	6	5,6

⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

¹⁰ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹¹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹² Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet og deretter fram til 2004 gjeld dei igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

¹³ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.

¹⁵ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

¹⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet

¹⁷ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹⁸ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

¹⁹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²⁰ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²¹ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

²² Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

²³ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.

²⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet.

²⁵ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet og for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet.

²⁶ Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.